

Innkalling

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Sykkylven rådhus, formannskapssalen
Dato	14.09.2022
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 15/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 16/22 Oppfølging etter forvaltningsrevisjon 2021 - offentlege innkjøp
- PS 17/22 Nummerert brev 01 etter forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga - Sykkylven kommune
- PS 18/22 Uttale forenkla etterlevingskontroll 2021 - Sykkylven kommune
- PS 19/22 Rapport frå revisor etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Sykkylven kommune
- PS 20/22 Budsjettforslag 2023 for kontrollutvalet sitt arbeid - Sykkylven kommune
- PS 21/22 Endring av møteplan hausten 2022
- PS 22/22 Orienteringar
- OS 06/22 Status arbeid med forvaltningsrevisjon ressursbruk barnehage - Sykkylven

Ålesund, 07.09.2022

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 15/22	Sykkylven kontrollutval	14.09.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Sykkylven kontrollutval - 25.05.2022

Møteprotokoll

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Sykkylven rådhus, formannskapssalen
Dato	25.05.2022
Tidspunkt	kl 14:00 - 15:55

Følgjande medlemmer møtte

Grethe Melseth
Kjellaug Roald
Leonhard Vårdal
Målfinn Aanning
Petter Hole-Drabløs

Møtenotat

Frå administrasjonen møtte konstituert kommunedirektør Bjørnar Midtbust, økonomisjef Torbjørn Emblem, kommunalsjef Ragnhild Hanken Skjong og kvalitetsrådgivar Birte Enstad. Frå Møre og Romsdal revisjon SA deltok oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Katrin Haram, oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll og forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei. Frå kontrollutvalsekretariatet deltok rådgivar Solveig Kvamme.

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

PS 10/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 11/22	Orienteringar
OS 04/22	Orientering om arbeidet med rekruttering Sykkylven legesenter
OS 05/22	Årleg orientering om handtering av avvik, varsel og misleghald
PS 12/22	Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Sykkylven kommune
PS 13/22	Prosjektskisse forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehageområdet - Sykkylven kommune
PS 14/22	Meldingar
MS 03/22	Melding om årsrapport for einingane 2021 - Sykkylven kommune

PS 10/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Sykkylven kontrollutval 25.05.2022

Behandling

Votering: Samrøystes vedteken

SYKU - 10/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 11/22 Orienteringar

OS 04/22 Orientering om arbeidet med rekruttering Sykkylven legesenter

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sykkylven kontrollutval 25.05.2022

Behandling

Kommunalsjef Ragnhild Hanken Skjong orienterte kontrollutvalet om arbeidet knytt til legesenteret, med fokus på rekruttering.

Votering: Samrøystes vedteken

SYKU - 04/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 05/22 Årleg orientering om handtering av avvik, varsel og misleghald

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sykkylven kontrollutval 25.05.2022

Behandling

Orientering:

Kvalitetsrådgivar Birte Enstad gav kontrollutvalet ei god orientering om Sykkylven kommune sitt arbeid med å implementere eit nytt kvalitetssystem og gjennom det få eit større fokus på melding av avvik og forbetningsarbeid.

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Midtbust orienterte om varslingsrutinene og at dei vil verte oppdaterte no i samband med det nye kvalitetssystemet. Kommunen har ikkje eigne rutiner for handtering av varsel på øvste leiing.

Når det gjeld rutiner/prosedyre for handtering av misleghald og andre straffbare forhold samt prosedyre for å melde frå til revisor etter kommunelova 24-7 e, så vert det vist til økonomireglementet.

Der er ikkje registrert/meldt avvik, varsler eller forhold knytt til misleghald i 2021.

Utvalet minna om at etiske retningslinjer bør vere ein del av folkevaldopplæringa til alle folkevalde ved ny valperiode

Votering: Samrøystes vedteken

SYKU - 05/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

PS 12/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskap og årsmelding 2021 ikkje vart levert innan dei fristar kommunelova set.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale.

På bakgrunn av dette vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Sykkylven kommune.

Sykkylven kontrollutval 25.05.2022

Behandling

Forslag med nytt punkt etter første avsnitt, foreslått av Leonhard Vårdal:

Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskap og årsmelding 2021 ikkje vart levert innan dei fristar kommunelova set.

Kontrollutvalet tilrår at administrasjonen evaluerer prosessen rundt rekneskapsavslutning og årsmelding med sikte på å halde fristane sett i kommunelova.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale.

På bakgrunn av dette vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Sykkylven kommune.

Votering over forslag med nytt punkt: Samrøystes vedteken

SYKU - 12/22 vedtak

Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskap og årsmelding 2021 ikkje vart levert innan dei fristar kommunelova set.

Kontrollutvalet tilrår at administrasjonen evaluerer prosessen rundt rekneskapsavslutning og årsmelding med sikte på å halde fristane sett i kommunelova.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale.

På bakgrunn av dette vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Sykkylven kommune.

PS 13/22 Prosjektskisse forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehageområdet - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet - Sykkylven kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet, vert tatt inn i prosjektskissa.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

Sykkylven kontrollutval 25.05.2022

Behandling

Votering: Samrøystes vedteken

SYKU - 13/22 vedtak

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet - Sykkylven kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet, vert tatt inn i prosjektskissa.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

PS 14/22 Meldingar

MS 03/22 Melding om årsrapport for einingane 2021 - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 25.05.2022

Behandling

Votering: Samrøystes vedteken

SYKU - 03/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 16/22 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
14.09.2022

Oppfølging etter forvaltningsrevisjon 2021 - offentlege innkjøp

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet fekk i 2021 gjennomført ein forvaltningsrevisjon innan offentlege innkjøp og anskaffingar i Sykkylven kommune. Sluttrapporten vart handsama av Sykkylven kontrollutval 24.11.2021 og sendt over til kommunestyret som i sitt møte 13.12.2021 sak 91/21 gjorde følgjande vedtak:

- 1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om innkjøp og offentlege anskaffingar til vitande.*
- 2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 6 for å gjere denne type arbeid betre i Sykkylven kommune kommune. Spesielt bør ein prioritere å lage eit skriftleg reglement med mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.*
- 3. Kommunestyret ber kommunedirektøren spesielt sjå nærare på sikring av opplæring for dei tilsette som gjer offentlege innkjøp og anskaffingar.*
- 4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfølging av punkta 2. og 3. innan utgangen av 1. halvår 2022.*

Vurdering:

Som ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak bed kontrollutvalet om ei orientering frå kommunedirektøren på korleis administrasjonen har fulgt opp punkt 2. og 3. i vedtaket.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 17/22	Sykkylven kontrollutval	14.09.2022

Nummerert brev 01 etter forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen får revisor til vitande.

Kontrollutvalet bed revisor om å sjå etter og kontrollere at Sykkylven kommune etablerar ein praksis som sikrar at lovverket her vert fulgt. Og bed revisor om å melde attende til kontrollutvalet om dette er utført.

Bakgrunn:

I følgje kommunelova § 24-7 skal revisor melde frå skriftleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Utover desse punkta står revisor fritt til å melde frå om andre vesentlege forhold i nummererte brev.

Revisor skal sende nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren. Det er kommunedirektøren som har ansvaret for å rette opp eller følgje opp dei feil og manglar mv. som revisor har teke opp.

Vurdering:

Revisor har sendt kontrollutvalet eit nummerert brev nr 01 datert 30. juni 2022, i samband med attestasjonsoppdrag knytt til forenkla etterlevingskontroll. Revisor tek i dette brevet opp forhold knytt til økonomiforvaltninga med bakgrunn i om kommunen etterlever reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning.

Revisor peikar på at det er funne avvik i etterleving av reglane og at skriftelege rutiner ikkje er utarbeida. Og at rapporteringa som er gjeven kommunestyret ikkje følgjer gjeldande lovkrav om finansrapportering.

Revisor vil i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for det nummererte brevet og om revisor er kjent med om tiltak er sett i verk for å lukke avvika.

Kommunedirektøren kan i utvalsmøtet gjere greie for administrasjonen sitt syn på kvifor det er gjort slik og om det er sett i verk tiltak for å rette opp dei forhold som revisor har peika på.

Det er opp til kontrollutvalet, etter å ha fått informasjon både frå revisor og kommunedirektør, til å vurdere om dette er eit forhold som er så viktig at dei ynskjer å gjere kommunestyret kjent med det. Eller om kontrollutvalet kjenner seg trygg på at forholdet vert retta opp i, og at kommunen no har rutiner som sikrar at praksis er innanfor lovverket.

Nytt finansreglement i tråd med ny kommunelov og ny finansforskrift vart vedteken av kommunestyret 14. februar 2022. Sekretariatet er av den oppfatning at kontrollutvalet kan ta dette til orientering no og be revisor følgje opp dette i 2022, for å sikre at praksis er endra.

Vedlegg

Nummerert brev 01-2022 etter forenkla etterlevingskontroll 2021 med økonomiforvaltninga - Sykkylven kommune

Til Kontrollutvalget i Sykkylven kommune	Kopi til Kommunedirektør i Sykkylven kommune
---	---

Revisorbrev nr. 1/2022

Modifisert uttalelse etter forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltninga

Vi har utført et attestasjonsoppdrag i forbindelse med Sykkylven kommune sin etterlevelse av regler og vedtak for økonomiforvaltningen på området gjelds- og finansforvaltning, de vi kontrollerer:

- At kommunen etterlever de etablerte reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning

Vi har utført attestasjonsoppdrag i henhold til RSK 301, God kommunal revisjonsskikk for *Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen*. God kommunal revisjonsskikk innebærer at avvik som fører til modifisert uttalelse, skal kommuniseres til kontrollutvalget med nummerert brev.

Grunnlag for nummerert brev og konklusjon med forbehold

Basert på utførte handlinger og innhentede bevis har vi blitt oppmerksomme på avvik i etterlevelse av reglene for gjelds- og finansforvaltningen:

- I 2021 var finansreglementet vedtatt 30.mars 2016 gjeldende i Sykkylven kommune. Dette reglementet ble laget med utgangspunkt i Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25.september 1992 og forskrift om kommuner og fylkeskommuners finansforvaltning av 9.juni 2009. Finansreglementet var ikke oppdatert i forhold til nye bestemmelser i ny kommunelov og ny finansforskrift, begge gjeldende fra 1.januar 2020.
- Etter det vi har erfart er det etablert interne kontrollrutiner for finansforvaltning, men det er ikke utarbeidet skriftlige rutinebeskrivelser. Det er dermed ikke blitt foretatt en uavhengig kvalitetssikring av rutinene slik finansforskriften krever. Kommunen er nå i gang med å utarbeide skriftlige rutiner basert på nytt finansreglement (vedtatt 14.februar 2022).
- I ny kommunelov gjeldende fra 1. januar 2020 presiseres kommunens ansvar i forhold til vesentlig finansiell risiko. Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret om forvaltningen av finansielle midler og gjeld, og i tillegg skal det etter årets utgang rapporteres om utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året. Ut fra finansforskriften skal det i finansrapportene rapporteres om sammensetning og verdien av de finansielle forpliktelsene, herav løpetid og verdien av lån som må refinansieres innen 12 mnd. Det skal videre opplyses om markedsrenter, kommunens egne rentebetingelser og renterisiko som ligger i endring i markedsrente. Vi er informert om at det har vært presentasjoner og dialog med kommunestyret, men gjeldende lovkrav om finansrapportering er ikke fulgt.

Vi vil minne om at dette brevet må oppbevares i samsvar med oppbevaringsreglene i bokføringsloven §13.

Ålesund, 30. juni 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 18/22	Sykkylven kontrollutval	14.09.2022

Uttale forenkla etterlevingskontroll 2021 - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2021 til orientering.

Bakgrunn:

I kommunelova § 24-9 har revisor fått følgjande pliktige oppgåve:

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Ansaret for oppgåva er lagt til rekneskapsrevisor og det er i lova lagt opp til ein uttale på utført arbeid med moderat sikkerheit. Oppgåva innebere bruk av standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarar ved utføring av oppgåva.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalet sin del er ansaret avgrensa til å påsjå at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet frå kontrollen. Resultatet frå ein forenkla etterlevingskontroll kan nyttast som eit grunnlag for kontrollutvalet for å vurdere om det er behov for å utføre meir kontroll eller revisjon.

Departementet uttaler at formålet med oppgåva er å medverke til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i sentrale delar av økonomiforvaltninga som ikkje nødvendigvis vert kontrollert under den finansielle revisjonen. Dette vil også styrke grunnlaget for at

kontrollutvalet kan ta vare på sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga foregår i samsvar med føresegner og vedtak.

Revisor har følgjande oppgåver ved forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, jf kommunelova § 24-9:

- legge fram for kontrollutvalet ei risiko- og vesentlegvurdering av etterleving i økonomiforvaltninga, som dannar grunnlag for utføring av kontrollen.
- gjennomføre den forenkla etterlevingskontrollen
- rapportere på utført oppgåve til kontrollutvalet innan 30.juni.

Som følgje av RSK 301 (God kommunal revisjonsskikk RSK 301 for forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen) punkt A6 skal revisor basert på sin kjennskap til kommunane, gjere ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av enkelte områder innan økonomiforvaltninga. Møre og Romsdal Revisjon SA la ROV-analyse fram for Sykkylven kontrollutval 24. november 2021 i sak 21/21.

Det følgjer av RSK 301 A16 at det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast. Revisor valgte for 2021 området innan økonomiforvaltninga i Sykkylven kommune.

Vurdering:

Arbeidet med oppgåva skal følgje RSK 301 Forenklet etterlevingskontroll med økonomiforvaltningen. Denne standarden krev at revisor planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for kor vidt det ligg føre vesentlege feil eller mangler ved etterleving av føresegner og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning på det valgte området. Moderat sikkerheit har lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit.

Med bakgrunn i si ROV-analyse har Møre og Romsdal Revisjon SA sett på følgjande for perioden 01.01.2021 - 31.12.2021 i Sykkylven kommune:

1. Etterlever kommunen dei etablerte reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning

Kriterie for kontrollen er henta frå:

- Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
- Kommunen sine skriftelege rutiner og retningslinjer knytt til finansreglement vedtatt 30.03.2016.

Kommunelova seier at revisor skal legge fram ein skrifteleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Uttalen er motteke i sekretariatet og journalført 30.06.2022.

I sin uttale har revisor teke eit atterhald på bakgrunn av utførte kontrollhandlingar og innhenta bevis der revisor vart merksam på avvik i etterlevinga av reglane for gjelds- og finansforvaltning.

Revisor har, som revisor pliktar å gjere, meldt frå om dette til kontrollutvalet i eit nummerert brev. Dette vert handsama i eiga sak i kontrollutvalet sitt møte.

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjeve følgjande konklusjon i sin attestasjonsuttale knytt til forenkla etterlevingskontroll 2021 for Sykkylven kommune:

Basert på de utførte handlingene og det innhentede bevis er vi, med unntak av virkningen av forholdet beskrevet i avsnittet "Grunnlag for konklusjon med forbehold" i vår uttalelse, er

vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir grunn til å tro at Sykkylven kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i finansreglementet.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påseansvar med økonomiforvaltningen og til kontrollutvalget i Sykkylven kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Sekretariatet si vurdering er at kommunen har, i følge revisor, tatt grep for å lukke avvika og at revisor kan følge opp videre om så er gjort. På bakgrunn av det tilrår sekretariatet at kontrollutvalet tek saka til orientering. Knytt til handsaming av det nummererte brevet tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ber revisor om å følge opp avviket i 2022, for å sjå om kommunen sin praksis er endra.

Revisor frå Møre og Romsdal Revisjon SA vil vere tilstades i møtet til Sykkylven kontrollutval 14.09.2022 for å presentere uttalen og svare på spørsmål.

Vedlegg

Uttale frå revisor etter forenkla etterlevingskontroll 2021 med økonomiforvaltninga - Sykkylven kommune

Revisor sin presentasjon av rapport etter forenkla etterlevingskontroll 2021 Sykkylven kommune

Til kontrollutvalget i
Sykkylven kommune

Kopi til Kommunedirektøren

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen, gjelds- og finansforvaltning.

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Sykkylven kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

1. Etterlever kommunen de etablerte reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning.

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2021 til 31.12.2021.

Kriterier er hentet fra:

- Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
- Kommunens skriftlige rutiner og retningslinjer, Finansreglement vedtatt 30.03.2016

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll, ISQC 1 *Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester*, har Møre og Romsdal Revisjon SA et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 *Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen*. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for konklusjon med forbehold

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis har vi blitt oppmerksomme på avvik i etterleving av reglene for gjelds- og finansforvaltning:

- I 2021 var finansreglement vedtatt 30.03.2016 gjeldende i Sykkylven kommune. Dette reglementet ble laget med utgangspunkt i Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25.09.1992 og forskrift om kommuner og fylkeskommuners finansforvaltning av 09.06.2009. Finansreglement var ikke oppdatert i forhold til de nye bestemmelser i kommuneloven og finansforskriften, begge gjeldende fra 01.01.2020.
- Etter det vi har erfart er det etablert interne kontrollrutiner for finansforvaltningen, men det er ikke utarbeidet skriftlige rutinebeskrivelser. Det er dermed ikke blitt foretatt en uavhengig kvalitetssikring av rutinene slik finansforskriften krever. Kommunen er nå i gang med å utarbeide skriftlige rutiner basert på nytt finansreglement (vedtatt 14.02.2022)
- I ny kommunelov presiseres kommunens ansvar i forhold til vesentlig finansiell risiko. Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret om forvaltningen av finansielle midler og gjeld, og i tillegg skal det etter årets utgang rapporteres om utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året. Ut fra finansforskriften skal det i finansrapportene rapporteres om sammensetning og verdien av de finansielle forpliktelsene, herav løpetid og verdien av lån som må refinansieres innen 12 mnd. Det skal videre opplyses om markedsrenter, kommunens egne rentebetingelser og renterisiko som ligger i endring i markedsrente. Vi er informert om at det har vært presentasjoner og dialog med kommunestyret, men gjeldende lovkrav om finansrapporteringer er ikke fulgt.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og det innhentede beviset er vi, med unntak av virkningen av forholdene beskrevet i avsnittet Grunnlag for konklusjon med forbehold i vår uttalelse, er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Sykkylven kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i finansreglement.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påseansvar med økonomiforvaltningen og til kontrollutvalget i Sykkylven kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.


Ålesund, 30. juni 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor



Forenklet etterlevelseskontroll 2021 – reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning

Kontrollutvalget Sykkylven kommune

OVERSENDT ADMINISTRASJONEN. 29JUNI 2022

MØTE I KONTROLLUTVALGET 14. SEPTEMBER 2022

Kriterier og kilder

- ▶ Det ble satt følgende kriterier for kontrollen:
 - ▶ Etterlever kommunen de etablerte reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltningen
- ▶ Kilder for kriterier er hentet fra
 - ▶ 1. Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner
 - ▶ 2. Kommunens skriftlige rutiner og retningslinjer på området

Finansreglement, lov og forskrift:

- ▶ For 2021 var finansreglement vedtatt i 2016 gjeldende. Reglementet ble laget med utgangspunkt i Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25.09.1992 og forskrift om kommuner og fylkeskommuners finansforvaltning av 09.06.2009.
- ▶ Finansreglement var ikke oppdatert i forhold til de nye bestemmelser i kommuneloven og finansforskriften, begge gjeldende fra 01.01.2020
- ▶ Under reglementets pkt.10 fremgår at ved endringer i finansforskrift vert endringa automatisk gjort gjeldende for finansreglementet.

Rutiner:

- ▶ I finansreglementet pkt.11 fremgår at rådmannen skal utarbeide rutiner som sørger for at finansforvaltningen er i tråd med finansreglementet, gjeldende lover og forskrift.
- ▶ Det har ikke blitt utarbeidet skriftlige rutinebeskrivelser i samsvar med Finansreglementet fra 2016. Revisjonen har fått opplyst at administrasjonen i 2021 ikke så noen hensikt i å utarbeide rutinebeskrivelser til gammelt reglement siden de jobbet med å utarbeide nytt finansreglement. Nytt reglement var ferdig utarbeidet 06.12.2021 og ble vedtatt 14.02.2022, gjeldende fra 14.02.2022.
- ▶ Rutinebeskrivelsene er et viktig virkemiddel for å sikre at finansreglementet blir fulgt. Siden administrasjonen mangler skriftlige rutinebeskrivelser, mangler revisjonen et kontrollpunkt for at rutinene blir fulgt.
- ▶ Administrasjonen er nå i gang med å utarbeide rutinebeskrivelser for nytt finansreglement vedtatt i 2022.

Rapportering av gjelds- og finansforvaltning:

- ▶ Kommunedirektøren skal minst to ganger i løpet av året rapportere til kommunestyret om forvaltningen av finansielle midler og gjeld
- ▶ I tillegg skal det etter årets utgang rapporteres om utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året.
- ▶ Ut fra finansforskriften gjeldende fra 01.01.2020 skal det i finansrapportene rapporteres om:
 1. Sammensetning og markedsverdi av de finansielle forpliktelsene, både samlet og for hver gruppe
 2. Det skal opplyses om de finansielle forpliktelsenes løpetid og om verdien av lån som forfaller og må refinansieres innen 12 mnd.
 3. Det skal opplyses om markedsrenter og kommunens egne rentebetingelser
- ▶ Vi er informert om at det har vært presentasjoner og dialog med kommunestyret, men gjeldende lovkrav om finansrapporteringer er ikke fulgt.

Oppsummering av funn

Våre funn gjeldende Sykkylven kommune oppsummeres slik:

- ▶ Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis har vi blitt oppmerksomme på avvik i etterleving av reglene for gjelds- og finansforvaltning som gir grunnlag for konklusjon med forbehold.

Vi har funnet svakheter på følgende områder:

- ▶ Gjeldende finansreglement for 2021 var ikke oppdatert i forhold til de nye bestemmelser i kommuneloven (2018).
- ▶ Det er ikke utarbeidet skriftlige rutinebeskrivelser. Det er dermed ikke blitt foretatt en uavhengig kvalitetssikring av rutinene slik finansforskriften krever.
- ▶ Det har vært mangelfull finansrapportering. Etter det vi får opplyst vil det fra 2.kvartal 2022 brukes ekstern leverandør for å utarbeide finansrapporter som tilfredsstiller gjeldende lovkrav.

Rapportering



Konklusjon med forbehold i vår uttalelse

- ▶ Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi blitt oppmerksomme på at Sykkylven kommune har hatt avvik i etterlevelse av reglene for gjelds- og finansforvaltning.
- ▶ Vi mottok signert fullstendighetserklæring fra kommunedirektøren 24. juni 2022
- ▶ Revisjonens funn og konklusjon er rapportert til kontrollutvalg med kopi til kommunedirektøren, datert 29. juni 2022
- ▶ Vi er orientert om at administrasjonen i 2022 er godt i gang med å utarbeide skriftlige rutiner for finans- og gjeldsforvaltningen.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 19/22	Sykkylven kontrollutval	14.09.2022

Rapport frå revisor etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter revisjon av årsrekneskap 2021 til vitande.

Kontrollutvalet bed revisor om å følgje opp dei forbetringpunkt som revisor har peika på i si orientering.

Bakgrunn:

Denne saka er ei oppsummering av det arbeidet som er gjort i høve revisjon av rekneskapen for 2021.

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at:

- årsrekneskapa til kommunen blir reviderte på ein forsvarleg måte.
- rekneskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og instruksar frå kontrollutvalet og i tråd med avtaler med revisor.
